



### **Sak 7.3      Vi treng eit nytt kraftregime no**

Årsmøtet i Sogndal SV krev at regjeringa straks følgjer opp SV sine forslag om å etablere eit nytt kraftregime her i landet. Dei høge straumprisane i vinter har skapt problem for mange, både hushald og bedrifter. Dei har også synt farane ved å overlate energiforsyninga til marknaden, og dermed styrt av produsentar som har til oppdrag å gjere profitten høgast råd. Tida er no inne for å gå bort frå den liberalistiske modellen og til å sjå på energi som eit fellesgode som vi haustar av naturen vår. Noreg er i den heldige stillinga at vi har rikeleg med vasskraft som er billig å produsere og enkel å lagre. Det ligg derfor godt til rettes for at samfunnet styrer kraftprisane, slik at hushald med vanleg forbruk får tilgang til energi til rimelege og stabile prisar. Det same må gjelde bedrifter som skaper verdier ved hjelp av fornybar norsk energi. SV har foreslått at staten etablerer eit straumselskap som kjøper opp naudsynt kraft, og formidlar den til hushald og bedrifter på stabile kontraktar. Dette må kombinerast med redusert energibruk gjennom støtte til fornuftige og effektive tiltak for energisparing, frå varmpumper og etterisolering til solceller og energieffektive nybygg.

Ein slik politikk er fullt råd å gjennomføre, dersom vi kvittar oss med den husmannshaldninga som pregar mange norske politikarar sitt tilhøve til EU. Dei hevdar at vi er bundne av avtalar som hindrar oss i å regulere kraftprisane frå det dei kallar europeisk nivå. Då ser dei bort frå at Frankrike har straumprisar på det halve av nivået i Tyskland, fordi Frankrike nyttar høvet til å styre straumprisane gjennom statlege tiltak. Like naivt er det å bygge straumkablar til Europa som kvart einaste år sender mykje meir straum ut av Noreg enn det som vi får i retur, og det på vilkår der dei utanlandske eigarane av straumkablane får halvparten av fortienesta på straumen som blir seld. Utbygginga av nye kablar må stansast. Dessutan må staten ta kontroll over straumflyten i eksisterande kablar, slik at vi sikrar kritisk energiforsyning innanlands.